

---

**Saknr:** 2020/35289-4  
**Saksbehandlar** Ruth Ørnholt  
**Dato:** 24.01.2020

---

---

**Til:** Hovudutval for kultur, idrett og integrering

---

**Frå:** Fylkesdirektør kultur, idrett og inkludering

---

## Søknad til Nasjonalbiblioteket om midlar til formidling i bibliotek

Nasjonalbiblioteket lyste i desember ut midlar til tiltak for å bidra til å styrke folkebiblioteka som aktive formidlarar overfor befolkninga. Søknadsfristen var 20.01.2020.

Utlysinga tok utgangspunkt i [Nasjonal bibliotekstrategi 2020-2023](#), der formidling er eit av tre hovudområde.

Målet er å vidareutvikle biblioteka og styrke dei som folkeopplysnings- og dannelsesinstitusjonar. Et stort mangfald av litteratur og kunnskap, samlingar og kjelder skal formidlast og spriast på ein aktiv måte. Gjennom tiltaka ønskjer Nasjonalbiblioteket å nå nye brukarar med litteratur og lesing, få fleire til å lese og auke utlånet frå biblioteka.

Biblioteka skal vere opne institusjonar som er til stades der innbyggjarane er og skal tilby sine tenester også utanfor bibliotekrommet. Lesinga, litteraturen og biblioteket skal synleggjerast på arenaer der det er mogleg å nå dei gruppene som ikkje les eller normalt ikkje nyttar bibliotektenester.

Målet er vidare at folkebiblioteka skal bygge erfaringar og kompetanse og prøve ut metodar for formidling, som på sikt vil kunne inngå i dagleg drift i biblioteka.

I Vestland fylke der 59 kommunar er blitt til 43, har forskjellane mellom biblioteka auka. Det er viktig å støtte opp for fullverdige og gode bibliotektenester i utkantar, så vel som i tettbygde strøk.

Avdeling for kultur, idrett og inkludering v/ Seksjon for bibliotekutvikling har søkt om kr 870 000 til fleire tiltak med visjon om at biblioteksektoren i Vestland fylke samlast og styrkast gjennom å skape forpliktande partnarskap, lokale arrangement, auka kompetanse, oppsøkande litteraturformidling og digitale vegar til litteraturen.

Søknad med planlagde aktivitetar og tiltak, er vedlagt.